

Sektor oppvekst – avdeling skule



Høyringsforslag – vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Volda kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Volda 20. juni 2024, med heimel lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

§ 1 Formål

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn, og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn, jf oppl.lova § 4-5.

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur –og aktivitetsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

§ 2 Eigartilhøve

Volda kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane i kommunen.

§ 3 Leing, styring og ansvar

Skulefritidsordningane er administrativt underlagt sektor oppvekst. Rektor har det overordna ansvaret for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

Skulefritidsordningar med meir enn to årsverk skal ha ein dagleg leiar som skal ha pedagogisk utdanning.

Der det er dagleg leiar for skulefritidsordninga, kan rektor delegere administrative og pedagogiske oppgåver til leiaren.

§ 4 Leike –og opphaldsareal

Leike –og opphaldsareal skal vere godkjende etter dei faglege normene som gjeld, jf forskrift om miljøretta helsevern, og stette krava i opplæringslova kap 12.

§ 5 Bemanning

Det skal ikkje vere fleire barn pr vaksen enn det ein finn forsvarleg. Bemanninga skal i praksis vere forsvarleg i høve risikoen for at skade eller ulykke kan skje, jf forskrift til oppl.lov § 12-1 (NB: ny forskrift er ikkje kome enno, slik at dette viser førebels til noverande forskrift. Blir redaksjonelt oppdatert når ny, sentral forskrift er på plass)

Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 15 barn pr. tilsett. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare periodar av dagen kan vere fleire eller færre barn pr. tilsett.

Det er rektor sitt ansvar å vurdere kva bemanning som er forsvarleg i dei ulike barnegruppene.

§ 6 Teieplikt

Alle som arbeider i skulefritidsordningane har teieplikt etter reglane i forvaltningslova, §§ 13 til 13 f.

§ 7 Politiattest

Den som vert tilsett må leggje fram politiattest, jf oppl.lov § 17-11.

§ 8 Meldeplikt

Tilsette har meldeplikt til barnevernet, jf oppl.lov § 24-3.

§ 9 Samarbeid, samordning og kunne gi opplysningar

Tilsette i skulefritidsordningane skal samarbeide med andre tenesteytarar, dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf oppl.lov § 24-1.

Tilsette i skulefritidsordningane skal, av eige tiltak, gi sosialtenesta eller helse –og omsorgstenesta relevante opplysningar ein ikkje har plikt til å teie om. Dette gjeld om ein blir merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse – og omsorgslova, jf oppl.lov § 24-2.

§ 10 Opptak av barn

Foreldre sender søknad digitalt via kommunen si heimeside. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen si heimeside. **Søknadsfrist er 15. april.**

Ved søknad om plass etter søknadsfrist, vil opptak vere avhengig av om det av økonomiske og praktiske omsyn er mogleg å gi eit tilbod.

Rektor er ansvarleg for opptaket. Når eit barn har fått plass, har barnet plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4. trinn).

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn.

Omgrepet barn med særskilde behov vert definert som barn med store og omfattande hjelpebehov, dvs varig funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand.

Barn med særskilde behov i 5.-7. trinn må søke om plass i SFO innan 15. april kvart år. I dei høve skulefritidsordningane ikkje har plass nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgande kriterium:

1. Barn med særskilde behov
2. Barna sin alder (1. årstrinn får prioritet)
3. Barn med særleg trong for plass, pga. sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen.

Skulefritidsordningane skal vere sjølvfinansierande, med mindre det er løyvd eigne midlar til skulefritidsordningane i kommunen sitt budsjett. Det vert gitt tilbod om skulefritidsordning ved alle barneskulane.

§ 11 Opningstider

Heil plass er inntil 5 dagar pr. veke. Dei ytre rammene for opningstida er kl 07.30 til kl. 16.30. Reduserte plassar har same opningstid.

Der det er eit særleg behov for utvida opningstid, td. Grunna ferjetider, kan slikt tilbod verte gitt. Tid utover opningstida vert då fakturert etter reell sjølvkost pr. barn.

Skulefritidsordningane utanom Volda sentrum følgjer skuleåret som normalordning.

Ved andre skular enn i sentrum vert det lagt til rette for eit sommartilbod første veka etter skuleslutt i juni og to veker før skulestart i august. På dette tilbodet må ein melde seg på heile veker, og det må vere minst 10 betalande elevar. Pris pr. veke vert sett til ¼ av prisen for 5-dagars tilbod pr. måned. Opningstida for dette tilbodet er 08.00-16.00.

Elevar frå andre skular kan også melde seg på ferietilbodet ved Øyra og Bratteberg skular. Ein må her melde seg på heile veker. Pris pr. veke vert sett til ¼ av prisen for 5-dagars tilbod pr. måned.

Skulefritidsordningane ved Bratteberg og Øyra held ope kvardagar frå måndag til fredag heile året med følgande unntak:

- 3 veker om sommaren
- Jule –og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag

- 5 planleggingsdagar pr. år

I sentrum er det delvis ferieoppe, med unntak av studie –og planleggingsdagar. Timane vert komprimerte, og opningstida vert tilpassa den enkelte skule. Påmelde til sommar-SFO kan nytte ferietilbodet i høve plass-storleik. Dersom det er behov for fleire timar, kan dette kjøpast ekstra. Føresette vil i god tid kvart år få informasjon om kva dagar og veker skulefritidsordningane i sentrum er stengt.

Elevar som går ut av 4. årstrinn kan nytte tilbodet fram til feriestenging. Barn med særlege behov kan nytte tilbodet fram til feriestenging ut 7. årstrinn. Ferietilbodet i august kan nyttast av påmelde i SFO som komande skuleår skal gå i 1.-4. årstrinn.

Tilbodet vert lagt til ein eller fleire av sentrumsskulane vurdert opp mot etterspurnad, bemanning og SFO-lokala sin kapasitet.

Plasstype:

- 5 dagar pr veke (inkl. morgon og ettermiddag)
- 4 dagar pr veke (inkl. morgon og ettermiddag)
- 3 dagar pr veke (inkl. morgon og ettermiddag)
- 2 dagar pr veke (inkl. morgon og ettermiddag)

§ 12 Ferie

Alle barn i skulefritidsordningane skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit skuleår. På grunn av ferieavviklinga til dei tilsette i skulefritidsordningane i sentrum, skal foreldra i god tid gi melding om kva tid barna deira skal ha ferie utanom dei tre vekene skulefritidsordningane er stengde, jf informasjonsskriv frå skulefritidsordningane.

§ 13 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling kvart år.

I skulefritidsordningane som følgjer skuleåret, betalar foreldra for 10 månader (betalingsfri i juni og juli). Kostpengar kjem i tillegg til den faste betalinga.

Foreldra betalar for 11 månader pr. år i skulefritidsordningane i sentrum (betalingsfri i juli). Dersom foreldra tingar skulefritidsordning heile dagar i skuleferiane, må dei betale ekstra for det.

Det vert gitt syskenmoderasjon i SFO, 30% for barn nr 2 og 50% for barn nr. 3. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Kommunen har ordning for gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling, i tråd med sentrale føringar. Dei som kjem inn under ordninga gratis kjernetid, får reduksjon i foreldrebetaling uavhengig av plasstype. Det finst eksempel på Volda kommune si heimeside korleis gratis kjernetid vert praktisert. Kostpengar kjem i tillegg. Husstandar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Dette vert gjort digitalt via Volda kommune si heimeside.

Dersom for sein henting fører til ekstra personalkostnader, må dei føresette vere budde på å bere desse kostnadene.

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles verte lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak.

§ 14 Oppseiing og endring av plass

Oppseiing eller endring av plass skal skje digitalt via heimesida til Volda kommune.

Dersom barnet sluttar i skulefritidsordninga, er det 1 månads oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgande månad. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida. Ved oppseiing etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret.

§ 15 Skyss

SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid. Skyss til og frå SFO er difor foreldra sitt ansvar, anna enn i tilfelle der eleven av særskilde grunnar har slik rett. Denne retten gjeld berre når det er skuledagar. Som hovudregel vert ikkje elevar som i utgangspunktet har skyssrett, og som er tekne inn i SFO, tildelt busskort. Skulle det oppstå endringar i løpet av året slik at det vert behov for busskort, skal dette meldast skriftleg til skulen. Eleven vil då få utferda busskort i samsvar med innmelde behov. Foreldra stadfestar at dei er kjende med og godtek dette ved signering av søknad om plass i SFO.

§ 16 Forsikring

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevar i skulen/SFO.

Forsikringa gjeld på veg til og frå skulen.

§ 17 Iverksetjing

Denne lokale forskrifta (vedtektene for SFO) gjeld frå 1. august 2024.